

## **Referat Årsmøte Flora Turlag 2016**

### **1) Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart godkjent.

### **2) Godkjenning av sakliste**

Saklista vart godkjent. Ei sak var meldt per telefon, men då den ikkje vart meldt inn skrifteleg innan fristen vert ikkje denne tatt med på saklista.

### **3) Val av møteleiar**

Jan Henrik Nygård vart vald som møteleiar.

### **4) Val av to møtesekretærar**

Sara Marie Ytreøy og Arnfrid Bergheim vart vald som møtesekretærar.

### **5) Val av to til å skrive under møteprotokollen**

Signe Nordvik og Rune Norstrand Olsen vart vald til å skrive under møteprotokollen.

### **6) Godkjenning av Årsmelding for 2016**

Det mangla eitt arrangement i regi av Barnas Turlag i statistikken. Årsmeldinga vert korrigert, slik at dette vert tatt med.

Årsmeldinga vart samråystes godkjent.

### **7) Godkjenning av Rekneskap for 2016**

Rekneskapen er godkjent av revisor. Melding frå revisor vert lagt ved referat.

Årsrekneskapen vart godkjent.

### **8) Val av:**

- a) leiar
- b) to styremedlemmar
- c) to varamedlemmar
- d) revisor

#### Valnemnda la fram sitt framlegg:

Attval av Siv Merete Stadheim som leiar i Flora Turlag.

Attval av Knut Broberg og Sara Marie Ytreøy som styremedlemmar.

Attval av Ronny Berg og Per Vidar Ottesen som varamedlemmar.

Espen Skalle, Ane Eliassen og Arnfrid Bergheim var ikkje på val.

Attval av Anne Karin Hamn Vestby som revisor.

Valnemnda sitt framlegg vart godkjent.

**e) to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte**  
Styret vel to utsendingar til S&FT sitt årsmøte.

**f) to medlemmar til valnemnda**

Styret sitt framlegg til valnemnda:  
Dag Eliassen tek attval.  
Siri Stavang tek ikkje attval. Heidi Humlestøl Aasen nytt medlem i valnemnda.  
Sissel Strømmen er ikkje på val.

Styret sitt framlegg vart godkjent.

**9) Val av nestleiar:**

- a) Veljast blant styret sine medlemmar.  
Knut Broberg vart valt som nestleiar i Flora Turlag.

**10) Innkomne saker:**

- a) Ingen saker.

**11) Handlingsplan og turar for 2016**

- a) Sjå saksvedlegg side 13

Styreleiar gjekk gjennom handlingsplan for 2016. Nytt i 2017 er oppstart av kajakkтурar. Styret skal også utarbeide ein hyttestrategi.

Handlingsplanen vart godkjent.

**12) Fastsetting av losjiprisar for 2017.**

Forslag til vedtak:

Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene.

Forslaget vart vedtatt.

**13) Fastsetting av turavgift for 2017**

- a) Sjå saksvedlegg side 14

Forslag til vedtak:

Heildagsturar: medlemmar gratis og ikkje medlemmar kr. 100.

Tysdags- og onsdagsturar: inga avgift utover faktiske transportkostnader.

Born under 15 år: gratis.

Transport: kr. 30 til sjåfør ved felleskjøring. Over 20 km. kr. 40.

Forslag til turavgifter vart vedtatt.

**14) Godkjenning av budsjett for 2017**

- a) Sjå saksvedlegg side 15

Budsjettet vart godkjent og vedtatt.

Møteleiar Jan Henrik Nygård vart takka for innsatsen av Styreleiar Siv Merete Stadheim med ei Turbok.

Kveldens foredragshaldar var Håkon Åsvang. Fortalte med ord og bilde om sin veg til Mount Everest, verdas høgaste fjell. Styreleiar Siv Merete Stadheim takka Håkon med ei Turbok.

Før Håkon fekk ordet var det kunngjering av vinnarane frå trekking av turbøker og Turtrimmen 2016 ved Siv Merete Stadheim og Astrid Breiland Eliassen. Resultata og namnelista vert lagt ut på heimesida: <https://flora.dnt.no/artikler/nyheter/7192-trekking-av-turtrim-og-turbker/>

Som avslutting på 40 års jubileumsåret, vart det servert marsipankake og kaffi før Håkon runda av årsmøtet med ei særslig reflektert og inspirerande visuell reise.

Vel 60 medlemmar var tilstades.

Årsmøte slutt kl. 21.20.

### **Florø, 29. november 2016**

---

Sara Marie Ytreøy  
- møtesekretær-

---

Arnfrid Bergheim  
- møtesekretær-

---

Signe Nordvik  
- signatur møteprotokoll -

---

Rune Norstrand Olsen  
- signatur møteprotokoll -